



ÅRSMELDING 2018





Året 2018

Eg vil fyrst få takka alle tilsette for god innsats gjennom året. Eit godt arbeidsmiljø og kvar enkelt sitt bidrag og engasjement er nøkkelen til at me saman klarar å skapa gode resultat

Kvam Kraftverk er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam. Kvalitet og leveringstryggleik står difor høgt på dagsordenen. I tillegg er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv lærebedrift. Også i 2018 har me hatt lærlingar i energimontørfaget.

Arbeidet med innføring av AMS har vore eit stort og kostnadskrevjande arbeid i 2018. Kompetente medarbeidarar og godt samarbeid med andre nettverksemdar har gjort at innføringa vart vellukka. I tillegg har ein førebudd systema for integrasjon mot Elhub, som skal innførast i 2019. Den automatiske straummålinga er arbeidsbesparande, og me forventar også at AMS vil gje oss andre tekniske og økonomiske nettnytte verdiar i åra framover.

I 2018 vart arbeidet med bygginga av nye Skulafossen kraftstasjon starta opp. Me er svært glade for at arbeidet no er i gang og at me fann ei løysing som gjer at maskinene me har i dag kan køyrast samstundes som me byggjer den nye kraftstasjonen. Dette gjer at forsyningstryggleiken i straumnettet ikkje vert redusert, samstundes som me unngår eit stort inntektstap.

Nettverksemda er ei monopolverksemd som er strengt regulert av myndigheitene. Kvam Kraftverk har ei bevisst haldning til leveransetryggleik og risiko. Samstundes er det viktig å halde eit kostnadsnivå på linje med andre nettverksemdar i landet. Statistikk over kostnadar for ikkje levert energi (KILE) viser at Kvam Kraftverk er mellom dei

nettselskapa som har lågast kostnadar per berørte kunde ved utfall på høgspennettet. I tillegg er feilrettingstida låg. Mykje av årsaka til dette ligg i langsiktig og målretta arbeid med beredskapsførebyggjande arbeid, kontinuerleg fornying og utskifting av eldre nettkomponentar, og til sist og ikkje minst kompetente og motiverte medarbeidarar med god lokalkunnskap.

Kvam Kraftverk planlegg for innføring av selskapsmessig skille med verknad frå 1. januar 2020. Omorganiseringa er lovpålagd. Dette arbeidet vil ta mykje tid det neste året. Det er svært viktig at me kjem fram til gode og kostnadseffektive løysingar slik at Kvam Kraftverk også etter omorganisering leverer gode resultat og tenester av høg kvalitet.


Arne Tillung
Adm. direktør

INNHALD

| | |
|-------------------------|----|
| Året 2018 | 2 |
| Årsmelding frå styret | 4 |
| Resultatrekneskap | 10 |
| Balanse | 11 |
| Kontantstrømoppstilling | 13 |
| Notar til rekneskapen | 14 |
| Deloitte | 25 |
| Nøkkeltal | 26 |





Styret i Kvam Kraftverk. Frå venstre: Gunnar Mundheim, Merete Salvesen Wallevik, Ingrid Heradstveit Guddal, Bjørn Frode Skaar og Gunnar Skeie.
Foto: FjordMoods Photography

Årsmelding frå styret 2018

KVAM KRAFTVERK AS

Kvam Kraftverk er eit kraftselskap som driv produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft. I tillegg driv ein utbygging og drift av fibernett, samt noko anna sekundær verksemd. Kvam Kraftverk er heileigd av Kvam herad. Verksemda vart skipa i 1913 og omdanna til aksjeselskap i 1998. I 2015 skipa Kvam Kraftverk dotterselskapet Sekkelva Kraftverk. Rekneskap, kontantstraumsoppstilling og notar viser tal både for morselskap og konsern.

ØKONOMI

Driftsrekneskapan for konsernet viser eit resultat før finans og skatt på 19,931 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat

på 13,3 prosent. Resultat etter skatt vart 12,580 mill. kroner.

Resultatet av drifta i mor og konsern fordeler seg slik (i tusen kroner):

MOR

| | |
|------------------|--------|
| Kraftomsetnad | -296 |
| Produksjon | 15 615 |
| Nettverksemd | 4 515 |
| Fibernet | -359 |
| Sekundærverksemd | 242 |
| Driftsresultat | 19 717 |

| | |
|-----------------------------|--------|
| Netto finanskostnader | 3 114 |
| Ordinært resultat før skatt | 16 604 |
| Skatt på ordinært resultat | 4 023 |
| Resultat i året etter skatt | 12 581 |

KONSERN

| | |
|------------------|--------|
| Kraftomsetnad | -296 |
| Produksjon | 15 828 |
| Nettverksemd | 4 515 |
| Fibernet | -359 |
| Sekundærverksemd | 242 |
| Driftsresultat | 19 930 |

| | |
|-----------------------------|--------|
| Netto finanskostnader | 3 338 |
| Ordinært resultat før skatt | 16 593 |
| Skatt på ordinært resultat | 4 012 |
| Resultat i året etter skatt | 12 580 |

Omsetnaden i året enda på 148,9 mill. kroner mot 133 mill. kroner i 2017. Auken skuldast hovudsakleg høgare kraftprisar samanlikna med føregåande år.

Området kraftomsetnad fekk i 2018 eit negativt driftsresultat på -0,296 mill. kroner. Hovudårsaka er knytt til for låg prising av enkelte produkt i ein marknad som var prega av sterkt aukande kraftprisar.

Nettverksemda fekk eit driftsresultat på 4,515 mill. kroner i 2018. Meirinntekt utgjorde 3,580 mill. kroner.

I 2018 vart det gjennomført ei vurdering av faktisk levetid for deler av straumnett. Dette reduserte avskrivningane for verksemdsområdet med omlag 3,7 mill. kroner, samanlikna med kva avskrivningane ville ha vore utan denne endringa.

Kraftproduksjon fekk i 2018 eit svært godt resultat, sjølv om produksjonen var om lag 2,9 GWh under 10 års middel. Oppnådd kraftpris var vesentlig betre enn i 2017.

Dotterelskapet Sekkelva Kraftverk fekk eit driftsresultat på 0,213 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 0,- kroner i 2018. Oppnådde kraft- og elsertifikatprisar var gode i 2018, medan oppnådd produksjonsmengd var lågare enn budsjettert.

Fibernettkemda fekk eit driftsresultat på -0,359 mill. kroner i 2018. Dette er dårlegare enn fjoråret og skuldast i hovudsak auka driftskostnader i siste kvartal. Kostnader med omleggingar av fibernettet i høve ulike vegprosjekt utgjorde om lag 250 tusen kroner.

Sekundærverksemda inneheld både arbeid for andre, varmepumpesal og fellesføringar. Samla fekk dette forretningsområdet eit driftsresultat på 0,242 mill. kroner i 2018.

KK gav i si tid eit lån på kr 250.000,- til Øystese Kraft AS i samband med eit kraftutbyggingsprosjekt i Øystese

elva. Øystese Kraft AS har fått avslag på sin søknad om utbygging og Kvam Kraftverk har difor nedskrive lånet til kr 0,- i 2018.

For konsernet var totalkapitalen ved utgangen av året på 313,2 mill. kroner. Eigenkapitalen utgjorde 39,8 prosent.

For morselskapet var totalkapitalen ved utgangen av året på 304,9 mill. kroner samanlikna med 283,6 mill. kroner året før. Eigenkapitalandelen var på 41,1 prosent samanlikna med 42,8 prosent per 31.12.2017.

Konsernet sin soliditet er i dag tilfredstillande og på nivå med tilsvarende verksemd. Verksemda har i 2018 gjennomført store investeringar og står også framfor store planlagde investeringar dei nærmaste åra. Styret er nøgd med resultatet for året, og vil føreslå eit utbyte til eigar på 8,5 mill. kroner for 2018.

VIDARE DRIFT

Styret stadfestar at rekneskapen for 2018, med vurdering av soliditet og inntening, gjev godt grunnlag for vidare drift av verksemda.

NETTVERKSEMD

Kvam Kraftverk sitt konsesjonsområde for distribusjon ligg innanfor Kvam herad sine grenser.

Ved utgangen av året hadde verksemda 249 km høgspennett og 397 fordelingstransformatorar. I 2018 vart det bygt 2 km med nytt høgspennett. Høgspennett er uendra. Det er montert og sett i drift 7 nye nettstasjonar. Ved utgangen av året var det i alt 650 km lågspennett, ein auke på 13 km frå 2017.

Nokre av dei større prosjekta i 2018 har vore:

- Nytt kabelnett, nettstasjon og vegljøs i samband med vegprosjektet på Laupsa i Øystese.

- Nytt kabelnett og nettstasjon for Hardangerbadet og Hardangerfjord Hotell.
- Seksjon 2 (om lag 1,5 km) av fornyinga av høgspennelinja til Ytre Ålvik.
- Nye nettstasjonar i området Kyrhagen, Torebøen, Steinhus i Øystese.
- Nytt kabelnett og nettstasjonar i området Byrkjesete på Kvamskogen.
- Ny nettstasjon i Kvennaskogen på Kvamskogen.
- Ny nettstasjon for Notanes renseanlegg.
- Utskifting av eldre gatelys til led-belysning langs kommunale og fylkeskommunale vegar i Kvam.
- Installasjon av nettstasjonsovervåking i 100 nettstasjonar.

Det har i 2018 vore full utrulling av nye AMS strammålarar i nettområdet til Kvam Kraftverk. Eltel og Kvam Kraftverk har samarbeidd, og det er skifta ut 7029 målarar. Av desse er 6078 skifta av Eltel og 951 skifta av Kvam Kraftverk. Det gjenstår om lag 220 målarar til utskifting i 2019. Arbeidet med integrasjon mellom fagsystem og målarfunksjonalitet har og pågått i året.

Det har i 2018 vore arbeidd med større systemendringar i bransjen, grunna innføring av ein felles Elhub for alle nett og kraftselskap i Norge. Det har vore nytta store ressursar både hjå KK og systemleverandørar for å teste og tilpasse systema. Elhub vart sett i drift den 18. februar 2019.

BEREDSKAP OG FORSYNINGSTRYGGLEIK PÅ STRAUMNETTET

Kvam Kraftverk har til ei kvar tid minst to personar i beredskapsvakt for straumnett. Ved varsel om krevjande vørsituasjonar vert risikoreduserande tiltak som utkalling av ekstra mannskap i vaktstyrken, vurdert løpande.



Foto: Eric Clement

Det har vore nokre hendingar i 2018, men ingen alvorlege. Følgande kan nemnast:

- 28.01.2018 – utfall på 22 kV linja mellom Norheimsund trafostasjon og Eikedalen. Feilårsaka var tung snø/over til regn/vind.
- 31.01.2018 – utfall på 22 kV linja mellom Norheimsund trafostasjon og Eikedalen. Feilen var på linjnett mot Mødalen grunna snølast.
- 01.02.2018 – utfall på 22 kV linja mellom Norheimsund trafostasjon og Skulafossen kraftstasjon. Feilårsaka var snø/trefall på linja.
- 20.09.2018 – utfall på 22 kV linje mellom Kaldestad kraftstasjon og Skulafossen. Feilårsaka var vind/trefall fleire stader i Tørvikbygd.
- 21.12.2018 – utfall på 22 kV linje mellom Kaldestad kraftstasjon og Kolltveit. Feil på 22 kV kabel i Tørvikbygd.
- 21.12.2018 – utfall på 22 kV linje mellom Norheimsund trafostasjon og Øystese sekundærstasjon. Feilårsaka var feil på lynavleder i Sundsvik i Norheimsund.

Alle beredskaps- og feilsituasjonar på straumnett har også i 2018 vorte handsama på ein god og effektiv måte.

INNETKSTRAMME FOR NETTVERKSEMDA

Nettinntektene er fastlagde av ei inntektsramme frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg kjem nettleigekostnader til overliggande nett og eigedomsskatt på nettverksemda.

I 2018 var inntektsramma på 40,9 mill. kroner. Eigedomsskatten var på 1,6 mill. kroner, fjerning av tidsetterslep investeringar på 1,3 mill. kroner og kostnader til overliggande nett på 9,0 mill. kroner. Kostnad med KILE vert trekt i frå og utgjorde 0,8 mill. kroner. Totalt tilleten nettinntekt vart då 49,5 mill. kroner. Faktisk inntekt frå nettleigetariffane og andre nettinntekter vart på 53,1 mill. kroner. Dette gjev ei meirinntekt på 3,6 mill. kroner som går til fråtrekk frå tidlegare mindreinntekt. Berekna meirinntekt ved utgangen av 2018 var om lag 0,8 mill. kroner.

DET LOKALE ELTILSYN (DLE)

Kvam Kraftverk utfører el-tilsyn i forsyningsområdet. Dette omfattar fysisk kontroll av elektriske anlegg, samt opplæring og informasjon om eltryggleik til mellom anna skuleklassar, pensjonistar, Kvam vaksenopplæring

og heimhjelpa. Ein yter også hjelp til politiet i brannetterforsking.

I 2018 vart det til saman gjennomført 339 verifikasjonar/tilsyn i privathus, hytter, næringsbygg o.a. Det vart også starta eit samarbeidsprosjekt med Brannvernet i Kvam, heimhjelpa, Kvam herad og DLE. Dette prosjektet er starta for å nå fram til ekstra utsette brukargrupper. Ressursbruk knytt til DLE utgjorde 1,0 årsverk ved Kvam Kraftverk i 2018.

KRAFTPRODUKSJON

Kvam Kraftverk eig og driv to kraftstasjonar i Kvam, Kaldestad kraftstasjon i Norheimsund og Skulafossen kraftstasjon i Strandebarm. Samla kraftproduksjon var i 2018 på 52,3 GWh.

1,3 GWh vart levert som konsesjonskraft til Kvam herad, og resten vart seld i marknaden til 20,4 mill. kroner. Årsnedbøren var på 2601 mm mot normalt 2834 mm. Gjennomsnittleg elspotpris for produksjonen var på 40,1 øre/kWh i 2018. Dette er 12,7 øre/kWh høgare enn i 2017. Samla magasinufylling 1. januar 2018 var på 8,7 GWh (84,7 %). Ved

utgangen av året var magasinfullinga på 5,4 GWh (53,3 %).

Sekkelva Kraftverk er eit heileigd dotterselskap av Kvam Kraftverk. Om lag 1,5 GWh rein fornybar energi vart produsert i 2018. Prisane ein oppnådde i 2018 vart 36,9 øre/kWh for kraft, og 17,8 øre/kWh for elsertifikat.

I juni 2018 gjorde styret investeringsvedtak for bygginga av nye Skulafossen kraftstasjon. Investeringsramma er på 47,5 mill. kr. Anleggsarbeidet vart starta opp i september, og den nye kraftstasjonen skal etter planen stå ferdig på ettersommaren i 2020.

NY KRAFTPRODUKSJON

Utbygging av fornybar energi er uttalt som eit satsingsområde på landsplan. Her ønskjer Kvam Kraftverk å delta aktivt, og vera med på utbygging og drift av mini- og småkraftverk. Kvam Kraftverk har også i 2018 vore i kontakt med grunneigarar om samarbeid om småkraftprosjekt.

KRAFTOMSETNAD

Målsetjing og styringsdokument for kraftomsetnad er "Marknadsplan 2017-2020" og "Risikopolicy for Kvam Kraftverk AS". Totalt kraftsal i 2018 var 131,3 GWh mot 143,5 GWh i 2017. Av dette vart 15,5 GWh levert til kundar i andre nettområde. Nedgangen skuldast tap av ei stor kontrakt i eit anna nettområde. I eit normalår leverer Kvam Kraftverk mellom 135-145 GWh.

Marknadsandelen i eige nettområde målt i tal kontraktar var 77 % i 2018. Tal på kontraktar i andre nettområde har auka med 150 i løpet av 2018. Av kraftomsetnaden vart 21,7 GWh produsert i dei lokale småkraftverka, 52,3 GWh vart produsert i eigne kraftverk, og dei resterande 57,3 GWh vart kjøpt inn eksternt.

FIBERNETT VERKSEMD

Verksemda sitt fibernett er sett saman av stamnett, hovudnett, fiberaksessar og nodestasjonar som knytter det digitale nettet saman til ein fiberinfrastruktur.

Fibernettet vert leigd ut til Kvam herad, Kvamnet, BKK Fiber, NextGenTel, Bergen Fiber og Broadnet. Alle bortsett frå Kvamnet leiger lys fiber. Kvam Kraftverk er oppteken av at fibernettet tilfredsstillir høge krav til kvalitet og oppetid. Oppetida på lys fiber var på 99,99 % i 2018. Dette er me godt nøgde med.

Brukarane av fibernettet er både verksemdar og private. I tillegg nyttar Kvam Kraftverk og Kvam herad fibersamband til styring og overvaking av straumnettet, vassforsyningsanlegg, bygg og tekniske installasjonar. I løpet av 2018 vart det kopla opp 155 nye privatkundar og 17 nye verksemdar. Bygging av fibernett til bustader og verksemdar skal vera bedriftsøkonomisk lønsamt.

ANNA VERKSEMD

Kvam Kraftverk starta med levering av varmpumper hausten 2006 og har til no levert 794 varmpumper. Av desse vart 23 varmpumper leverte

og installerte i 2018. Det vart og utført 27 serviceoppdrag. Grunna svake økonomiske tal vedtok Kvam Kraftverk i 2018 å avvikle nysal av varmpumper frå årsskiftet 2018–2019.

Også i 2018 har Kvam Kraftverk utført noko inntektsskapande konsulent- og entreprenørarbeid. Kvam Kraftverk driftar og vedlikeheld alt vegljøs for Kvam herad. Utskifting av HQL (kvikkisølvdamplampar) med LED-lampar på vegljøs i Kvam er eit arbeid som også har pågått i 2018.

PERSONELL, ARBEIDSMILJØ OG TRYGGLEIK

Kvam Kraftverk hadde 32 fast tilsette fordelt på 31,6 årsverk ved årsskiftet. Av desse var 4 kvinner og 28 menn. I tillegg har ein to lærlingar i montørfaget. Styret er samansett av 2 kvinner og 3 menn. Både styret og administrasjonen er medvetne samfunnet sine krav om å fremja likestilling i verksemda.

Samla sjukefråvær i 2018 var på 2,5 %. Det har ikkje vore arbeidsskadar som har ført til sjukefråvær i 2018. Kvam Kraftverk har som målsetjing at sjukefråværepraesentanten skal vera på under 3,0 %.




Foto: Eric Clement



Foto: Eric Clement

HMS systemet KUBA vart teke i bruk i 2018. Lovpålagde tryggleiks- og førstehjelpskurs har vore gjennomførte for driftspersonalet. Alle tilsette ved Kvam Kraftverk er tilslutta bedriftshelsetenesta «Bedriftshelse1». Arbeidsmiljøet ved verksemda vert sett på som godt.

YTRE MILJØ

Kvam Kraftverk forureinar det ytre miljøet svært lite. Kraftproduksjon frå vasskraft er miljøvenleg og vasskrafta er ein rein og fornybar ressurs, utan utslepp som forureinar det ytre miljøet. Kvam Kraftverk set ut 500 aureynglar i Krokavatnet årleg. Dette vart gjort i august månad i samarbeid med grunneigarlaget.

Det har ikkje vore uhell eller hendingar i 2018 som har ført til utslepp eller skadar på det ytre miljøet.

SAMFUNNSBEDRIFT

Kvam Kraftverk er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam. Me har stor fokus på kvalitet og leveringssikkerheit. I tillegg er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv lærebedrift. Kvam Kraftverk bidreg monaleg til den lokale verdiskapinga gjennom kjøp av varer og tenester.

FRAMTIDSUTSIKTER

Strategiplanen dannar grunnlag for korleis Kvam Kraftverk skal driva og utvikla forretningsverksemda si i åra framover. Ei endring i energilova som kom i 2017, gjer at Kvam Kraftverk må etablera selskapsmessig skilje av verksemdsområda innan 2021. Kvam Kraftverk tek sikte på å gjennomføra tilpassinga med verknad frå 2020. Nytt planverk må utarbeidast i samband med dette.

Kraftproduksjon vil framleis stå for ein stor del av overskotet i verksemda. Det er difor viktig å sikra produksjonsmidlane. Arbeidet med fornyinga av Skulafossen kraftstasjon som starta i 2018 er viktig i så måte. Både Kaldestad- og Skulafossen kraftstasjon har reguleringsmagasin og inngår i Kvam Kraftverk sin beredskap for straumforsyningstryggleiken i nettområdet.

Den lovpålagde innføringa av AMS (avansert målesystem) i konsesjonsområdet vart i all hovudsak gjennomført i 2018. Dette vil lette arbeidet med avrekninga av straum. I tillegg forventar Kvam Kraftverk at systemet vil gi ein vinst i forhold til dimensjonering av nye nettanlegg og ved handsaming av beredskapssituasjonar.

Etter kvart som investeringsanalyser syner at nye område er lønsame, vil utbygging av fiberinfrastrukturen i Kvam halda fram i åra som kjem.

Kvam Kraftverk har som målsetjing at distribusjonsnettet skal vera optimalt med tanke på kvalitet, teknikk og økonomi. Dette medfører kontinuerlege tiltak og investeringar som reduserer tap i fordelingsnettet.

KOMANDE INVESTERINGAR

Kvam Kraftverk gjennomførte i 2018 den lovpålagde innføringa av AMS i konsesjonsområdet. I tillegg vart det teke investeringar i samband med integrering og dataflyt mot Elhub. Dei samla investeringane enda på om lag 21 mill. kr.

Nye Skulafossen kraftstasjon har ei investeringsramme på 47,5 mill. kr. Dette er ei naudsynt reinvestering. Arbeidet vart starta hausten 2018 og vil stå ferdig på ettersommaren 2020. Begge desse investeringane krev solid eigenkapital og vesentlege låneoptak. Dette kan påverka utbyttentivået for verksemda i åra som kjem.

FINANSIELL RISIKO

Verksemda har måltal for kor mykje likviditetsreserve (arbeidskapital) som skal vera tilgjengeleg til ei kvar tid.

Risikoeksponeringa skal vera middels i høve til moglege tap.

Verksemda har stengerett på anlegg dersom nettleige ikkje vert betalt i tide, noko som gir låg eksponering i høve til kredittrisiko. For andre krav har ein ikkje tilsvarende verkemidlar og verksemda har etablert interne styringsreglar som avgrensar kredittrisikoen knytt til desse krava. Kvam Kraftverk har ein vesentleg renterisiko knytt til pantelån. Dette gjer at ein har etablert renteswap-avtalar som for tida utgjer 20 prosent av den langsiktige gjelda.

Valutarisikoen for verksemda er først og fremst knytt til eventuell handel av kraft og elsertifikat i framand valuta,

samt generelle innkjøp frå utlandet. Valutarisiko gjennom kraftmarknaden er minimert gjennom avtale med Fjordkraft som handsamar kjøp og sal av kraft for verksemda. Oppgjer mellom Kvam Kraftverk og Fjordkraft vert gjort i norske kroner.

Pris- og volumrisiko er sterkt til stades under verksemdsområda kraftomsetnad og kraftproduksjon. Det er etablert risikopolicy og rutinar for å minimera både pris- og volumrisiko knytt til dei ulike kraftavtalane til sluttbrukarar. Innkjøp av kraft for vidareasal til sluttbrukarar går gjennom alliansepartnar Fjordkraft, småkraftprodusentar og frå eigen produksjon av kraft.

Prisrisiko knytt til kraftproduksjon kan handsamast gjennom prissikring av inntil 50 prosent av normal produksjon i inneverande kalenderår, og fram til utgangen av neste kalenderår. Prissikringa kan overstiga 50 prosent i periodar av året, men skal i snitt ikkje overstiga denne grensa.

DISPONERING AV OVERSKOT

Styret føreslår at overskotet for 2018 på kr 12 580 656 vert disponert slik:

| | |
|-------------------------------|----------------------|
| Føreslege utbytte | kr 8 500 000 |
| Avsett til annan eigenkapital | kr 4 080 656 |
| Sum disponert | kr 12 580 656 |

Norheimsund, 10. mai 2019



Bjørn Frode Skaar
Styreleiar



Ingrid Heradstveit Guddal
Nestleiar



Arne Tillung
Adm.dir.



Gunnar Skeie
Styremedlem



Gunnar Mundheim
Styremedlem



Merete Salvesen Wallevik
Styremedlem

Resultatrekneskap

| MOR | | KONSERN | | | |
|--|-------------------|----------|--|-------------------|-------------------|
| 2017 | 2018 | NOTAR | DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSTKOSTNADER | 2018 | 2017 |
| 71 516 069 | 89 595 615 | 1, 10 | Energisal | 90 431 087 | 72 061 048 |
| 50 448 661 | 49 151 619 | 1,12 | Inntekter overføring | 49 151 619 | 50 448 661 |
| 11 048 962 | 10 244 628 | 1 | Andre driftsinntekter | 10 256 517 | 11 063 025 |
| 133 013 691 | 148 991 863 | | Sum driftsinntekter | 149 839 224 | 133 572 734 |
| -7 734 312 | -7 424 636 | | Aktivering investeringsarbeid | -7 424 636 | -7 734 312 |
| 50 834 673 | 72 562 933 | 1 | Energikjøp | 72 754 161 | 50 935 526 |
| 7 931 495 | 10 321 890 | 1 | Overføringstenester | 10 321 890 | 7 931 495 |
| 29 573 770 | 29 691 641 | 1, 2, 7 | Lønskostnader | 29 691 641 | 29 573 770 |
| 12 225 256 | 10 042 837 | 4 | Ordinær avskrivning | 10 309 871 | 12 492 290 |
| 16 472 127 | 14 079 761 | 1, 2, 3 | Annan driftskostnad | 14 255 347 | 16 636 884 |
| 109 303 009 | 129 274 426 | | Sum driftskostnader | 129 908 274 | 109 835 653 |
| 23 710 682 | 19 717 437 | | Driftsresultat | 19 930 950 | 23 737 081 |
| FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER | | | | | |
| 389 238 | 397 063 | | Renteinntekt | 429 674 | 389 238 |
| 4 197 171 | 3 511 013 | | Rentekostnad | 3 767 582 | 4 459 319 |
| -3 807 933 | -3 113 950 | | Resultat av finanspostar | -3 337 908 | -4 070 081 |
| 19 902 750 | 16 603 487 | | Ordinært resultat før skattekostnad | 16 593 043 | 19 667 000 |
| 5 027 416 | 4 022 831 | 9 | Skattekostnad på ordinært resultat | 4 012 731 | 4 972 774 |
| 14 875 334 | 12 580 656 | | Resultat i året | 12 580 312 | 14 694 226 |
| OVERFØRINGAR | | | | | |
| 8 500 000 | 8 500 000 | | Utbytte | | |
| 6 375 334 | 4 080 656 | | Avsett til annan egenkapital | | |
| 14 875 334 | 12 580 656 | | Sum overføringar | | |

Balanse per 31. desember

| MOR | | NOTAR | EIGA | KONSERN | |
|----------------------------------|--------------------|-------|---------------------------------------|--------------------|--------------------|
| 2017 | 2018 | | | 2018 | 2017 |
| Anleggsmidler | | | | | |
| Immateriell eiga | | | | | |
| 3 709 847 | 2 640 499 | 9 | Utsett skattefordel | 2 640 499 | 3 692 629 |
| 397 400 | 0 | 4 | Goodwill | 0 | 397 400 |
| 4 107 247 | 2 640 499 | | Sum immateriell eiga | 2 640 499 | 4 090 029 |
| Varige driftsmidler | | | | | |
| 214 545 455 | 221 047 359 | 4 | Tomter og boligeigedomar, kraftanlegg | 233 369 446 | 227 148 756 |
| 2 886 215 | 24 993 392 | 4 | Maskiner, transportmidlar og inventar | 25 007 571 | 2 886 215 |
| 217 431 670 | 246 040 751 | | Sum varige driftsmidler | 258 377 017 | 230 034 971 |
| Finansielle anleggsmidler | | | | | |
| 2 711 175 | 2 798 008 | 14 | Investeringar i dotterselskap | 0 | 0 |
| 547 656 | 297 656 | | Langsiktige krav | 297 656 | 547 656 |
| 1 795 133 | 1 994 124 | 14 | Investeringar i aksjar og andelar | 1 994 124 | 1 795 133 |
| 4 919 619 | 3 491 002 | 7 | Pensjonsmidlar | 3 491 002 | 4 919 619 |
| 9 973 583 | 8 580 790 | | Sum finansielle anleggsmidler | 5 782 782 | 7 262 408 |
| 231 512 500 | 257 262 040 | | Sum anleggsmidler | 266 800 298 | 241 387 408 |
| Omløpsmidlar | | | | | |
| 4 419 681 | 4 431 426 | | Materiallager | 4 431 426 | 4 419 681 |
| Fordringar | | | | | |
| 33 960 572 | 36 073 835 | | Kundefordringar | 36 080 267 | 33 964 990 |
| 4 601 491 | 1 600 850 | 16 | Fordring på konsernselskap | 0 | 0 |
| 1 954 372 | 3 577 997 | | Andre fordringar | 3 651 330 | 5 320 633 |
| 2 758 299 | 0 | | Mindreinntekt | 0 | 2 758 299 |
| 43 274 734 | 41 252 683 | | Sum fordringar | 39 731 598 | 42 043 922 |
| 4 358 633 | 1 969 489 | 13 | Bankinnskot, kontantar o.l. | 2 299 767 | 4 538 138 |
| 52 053 048 | 47 653 598 | | Sum omløpsmidlar | 46 462 791 | 51 001 741 |
| 283 565 548 | 304 915 638 | | SUM EIGA | 313 263 089 | 292 389 149 |

Balanse per 31. desember

| MOR | | | KONSERN | | |
|--------------------|--------------------|-------|-------------------------------------|--------------------|--------------------|
| 2017 | 2018 | NOTAR | EIGENKAPITAL OG GJELD | 2018 | 2017 |
| | | | Eigenkapital | | |
| | | | Innskoten eigenkapital | | |
| 10 000 000 | 10 000 000 | 5, 6 | Aksjekapital | 10 000 000 | 10 000 000 |
| 20 000 000 | 20 000 000 | 6 | Overkursfond | 20 000 000 | 20 000 000 |
| 30 000 000 | 30 000 000 | | Sum innskoten eigenkapital | 30 000 000 | 30 000 000 |
| | | | Opptent eigenkapital | | |
| 91 248 455 | 95 329 832 | 6 | Annan eigenkapital | 94 585 756 | 90 581 515 |
| 91 248 455 | 95 329 832 | | Sum opptent eigenkapital | 94 585 756 | 90 581 515 |
| 121 248 455 | 125 329 832 | | Sum eigenkapital | 124 585 756 | 120 581 515 |
| | | | Gjeld | | |
| | | | Avsetjing for forpliktingar | | |
| 894 000 | 894 000 | | Andre avsetjingar for forpliktingar | 894 000 | 894 000 |
| 0 | 0 | | Utsett skatt | 15 837 | 0 |
| 894 000 | 894 000 | | Sum avsetjing for forpliktingar | 909 837 | 894 000 |
| | | | Anna langsiktig gjeld | | |
| 121 987 470 | 129 414 195 | 8, 15 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 139 275 195 | 132 263 670 |
| 121 987 470 | 129 414 195 | | Sum anna langsiktig gjeld | 139 275 195 | 132 263 670 |
| | | | Kortsiktig gjeld | | |
| 0 | 1 035 155 | | Gjeld til kredittinstitusjonar | 1 035 155 | 0 |
| 5 429 379 | 8 436 406 | | Leverandørgjeld | 8 436 406 | 5 429 379 |
| 4 653 341 | 2 971 052 | 9 | Betalbar skatt | 2 971 052 | 4 653 341 |
| 10 601 034 | 13 094 831 | | Skuldige offentlege avgifter | 13 185 979 | 10 737 279 |
| 8 500 000 | 8 500 000 | | Utbytte | 8 500 000 | 8 500 000 |
| 944 800 | 1 057 570 | | Gjeld til konsernselskap | 0 | 0 |
| 0 | 809 000 | 12 | Meirinntekt | 809 000 | 0 |
| 9 307 068 | 13 373 597 | | Annan kortsiktig gjeld | 13 554 709 | 9 329 965 |
| 39 435 622 | 49 277 611 | | Sum kortsiktig gjeld | 48 492 301 | 38 649 964 |
| 162 317 092 | 179 585 806 | | Sum gjeld | 188 677 333 | 171 807 634 |
| 283 565 548 | 304 915 638 | | SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 313 263 089 | 292 389 149 |

Norheimsund, 10. mai 2019


Bjørn Frode Skaar
Styreleiar


Ingrid Heradstveit Guddal
Nestleiar


Arne Tillung
Adm.dir.


Gunnar Skeie
Styremedlem


Gunnar Mundheim
Styremedlem


Merete Salvesen Wallevik
Styremedlem

Kontantstrømoppstilling

| MOR | | | KONSERN | |
|---|--------------------|---|--------------------|--------------------|
| 2017 | 2018 | KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR | 2018 | 2017 |
| 19 902 750 | 16 603 487 | Ordinært resultat før skattekostnad | 16 593 043 | 19 667 000 |
| -3 805 275 | -4 653 341 | Betalt skatt i perioden | -4 653 341 | -3 805 275 |
| 12 225 256 | 10 042 837 | Ordinære avskrivningar/nedskrivningar | 10 321 890 | 12 492 290 |
| 0 | 250 000 | Nedskrivning av finansielle anleggsmidler | 250 000 | 0 |
| 1 997 402 | 1 428 617 | Pensjonskostnad utan kontanteffekt | 1 428 617 | 1 997 402 |
| 92 822 | -11 745 | Endring i varer | -11 745 | 92 822 |
| -4 282 799 | -2 113 263 | Endring i kundekrav | -2 115 277 | -4 282 799 |
| -810 063 | 3 007 027 | Endring i leverandørgjeld | 3 007 027 | -810 063 |
| -1 773 832 | 13 507 391 | Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar | 13 719 937 | -1 753 857 |
| 23 546 261 | 38 061 010 | Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar | 38 540 151 | 23 597 520 |
| KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR | | | | |
| -23 468 345 | -40 126 210 | Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidler | -40 126 211 | -23 468 345 |
| 4 000 | 0 | Innbetalningar ved sal av materiell eiga | 0 | 4 000 |
| -371 085 | -285 824 | Inn- og utbetalningar investeringar i finansielle anleggsmidler | -198 991 | -371 085 |
| -23 835 430 | -40 412 034 | Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | -40 325 202 | -23 835 430 |
| KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR | | | | |
| 29 000 000 | 23 200 000 | Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld | 23 200 000 | 39 380 000 |
| -12 983 340 | -15 773 275 | Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | -16 188 475 | -23 390 135 |
| -6 798 857 | 1 035 155 | Netto endring i kassekredditt | 1 035 155 | -6 798 857 |
| -6 500 000 | -8 500 000 | Utbetaling av utbyte | -8 500 000 | -6 500 000 |
| 2 717 803 | -38 120 | Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar | -453 320 | 2 691 008 |
| 2 428 634 | -2 389 144 | Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l. | -2 238 371 | 2 453 098 |
| 1 929 999 | 4 358 633 | Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1. | 4 538 138 | 2 085 040 |
| 4 358 633 | 1 969 489 | Behaldning av bankinnskot og verdipapir o.l. pr. 31.12. | 2 299 767 | 4 538 138 |

Notar til rekneskapen 2018

Note 0 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Norge.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen inneholdt Kvam Kraftverk AS samt dotterselskapet Sekkelva Kraftverk AS der Kvam Kraftverk AS har bestemmande innflytelse som følge av juridisk eller faktisk kontroll.

Det er brukt einsarta rekneskapsprinsipp i rekneskapa til konsernet. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiendelar og gjeld

Eiendelar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eiendelar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrive til gjenvinnbart beløp dersom dette er lågare enn bokført verdi og verdifallet er forventa ikkje å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Andre aksjar og andelar klassifisert som anleggsmidlar

Aksjar og investeringar i ansvarlege selskap der selskapet ikkje har betydeleg innflytelse, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa ikkje å vere forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som annan finansinntekt.

Materiallager

Materiallager er lager av rekvisita til bruk i arbeid med nettet, samt til beredskap i samband med straumbrot. Materiallager er vurdert til anskaffingskost.

Magasinbeholdning

Magasinbeholdning er ikkje balanseført i samsvar med praksis i bransjen. Sjå nærare om dette i note 11.

Fordringar

Kundefordringar og andre krav vert oppførte med pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap på krav vert gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei ein skilde krava.

Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskott, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskott og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Estimativvik og effekt av endra føresetnader vert amortisert over forventa attverande opptenings- tid i den grad dei overstig 10 % av den største av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande opptenings- tid. Arbeidsgevaravgift er inkludert i tala.

Skattar

I tillegg til ordinære overskotsskattar, er kraftlag i samband med produksjon av kraft også pålagt naturressursskatt og grunnrenteskatt. Eigedomsskatt er ført som driftskostnad.

Overskotsskatten er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skattefordel og utsett skatt vert presentert netto i balansen, og netto utsett skattefordel vert balanseført i den grad det vert synleggjort at den vil verte realisert i framtida.

Naturressursskatt er pålagt kraftproduksjon med 1,1 øre pr. kwh som kommunal skatt og 0,2 øre som fylkeskommunalskatt. Grunnlaget er gjennomsnittleg kraftproduksjon siste 7 år. Naturressursskatten vert samordna med overskotsskatt.

Grunnrenteskatt er pålagt kraftverk med merkeyting over 10.000 kVa. Ingen av kraftstasjonane som Kvam Kraftverk eig kjem inn under denne regelen pr. i dag.

Overføringsinntekt/nettregulering

Nettdrift vert fastsett av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarande selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og tilbakeført til kundane. Mindreinntekt kan Kvam Kraftverk AS velje å krevja inn frå kundane.

Anleggsbidrag/offentlege tilskott

Anleggsbidrag frå det offentlege og private til investeringar, har gått til frådrag på aktiverte verdier.

Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, det vil sei når risiko og kontroll er overført kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke skjønsmessig fordeling mellom periodane.

Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

Kontantstraumsoppstilling

Kontantstraumsoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

NOTE 1 - SEGMENTINFORMASJON - MOR (tal i heile tusen)

| Driftsinntekter: | Kraft- omsetnad | Produksjon | Nett- verksemd | Sek. verksemd | Fibernet | Sum |
|---|----------------------------|-------------------|---------------------------|--------------------------|-----------------|----------------|
| Netto energisal | 56 837 | 20 849 | | 11 909 | | 89 595 |
| Merinntekt inkl. korleksjon tidlegare år | | | -3 567 | | | -3 567 |
| Nettleige | | | 52 719 | | | 52 710 |
| Andre driftsinntekter | 27 | 1 | 236 | 4 197 | 5 783 | 10 244 |
| Sum driftsinntekter | 56 864 | 20 850 | 49 388 | 16 107 | 5 783 | 148 991 |

| Driftsinntekter: | | | | | | |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|----------------|
| Kraftkjøp | 56 998 | | -314 | 11954 | | 68 638 |
| Finansiell handel | -2 269 | 920 | | | | -1 349 |
| Andre varekostnader | 23 | | 27 | 1 133 | 1 | 1 184 |
| Tap i nettet | | | 4 091 | | | 4 091 |
| Nettleigekostnader | | 1319 | 9 003 | | | 10 322 |
| Løn og andre personalkostnader | 1 330 | 1 609 | 15 666 | 2 066 | 1 595 | 22 266 |
| Andre driftskostnader | 967 | 798 | 8 651 | 533 | 965 | 11 914 |
| Eigedomsskatt | 1 | 208 | 1 653 | 2 | 3 | 1 867 |
| Ordinære avskrivningar, nedskrivning | 63 | 377 | 5 907 | 131 | 3 565 | 10 042 |
| Tap på fordringar | 47 | 4 | 189 | 46 | 13 | 299 |
| Sum driftskostnader | 57 160 | 5 235 | 44 873 | 15 865 | 6 142 | 129 274 |
| Driftsresultat | -296 | 15 615 | 4 515 | 242 | -359 | 19 717 |

BEREKNING AV MEIR-/MINDREINNTekt INKLUSIV KILE

| | |
|---|----------------|
| Sum nettleigeinntekt | 52 962 |
